

Fråsegn til Sogn og Fj. Fylkeskommune september 2016.

Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Gauldalen vil peike på følgjande saker som er viktige for dei gruppene vi representerer, saker der fylkeskommunen har ansvaret:

- Ordningane med serviceskyss og TT-kort treng styrking, behovet vert endå større når kollektivtransporten, serleg i utkantane, stadig vert svekka.
- Det må også vurderast å opprette bestillingsruter der kollektivtilbodet vert redusert.
- I år sløyfa fylkeskommunen å gje ut det tradisjonelle ruteheftet.

For det første stiller vi oss undrande til at dette gjev innsparing totalt sett, når ein tek omsyn til ulemper for brukarar, ekstra spørsmål over telefon og internett, kanskje også bruk av drosjer og privatbilar.

For det andre vert store grupper av eldre og funksjonshemmede sette heilt utanfor ved at dei endå ikkje er internettbrukarar, og i tillegg finn det frustrerande og vanskeleg å få opplysningar over telefonen, der det ofte er lang venting og tastetrykk hit og dit.

Her er òg døme på at ruteopplysningar i Gauldalen på internett er upresise.

Dette er alvorleg for dei som vert råka, og vi meiner at både administrasjon og politikarar i fylkeskommunen må ta omsyn til alle innbyggjarar i fylket, ikkje minst dei som lett fell utanfor i den raske tekniske utviklinga.

- Så vidt vi kjenner til, er her også bussruter der ein må kjøpe billett over internett dersom ein skal vere sikra plass. Dette fører sjølv sagt til at enkelte kvar seg for å reise med desse rutene. Vi meiner at det må finnast fram til ordningar som ikkje uteslengjer desse passasjerane.

Det er viktig at god informasjon i fleire media er godt tilgjengeleg for å styrke og om mogeleg auke bruk av kollektivtilbodet.

Etter kvart vil dei aller fleste kunne bruke internett, men vi er ikkje der endå.

Ein bør og vere klår over at mange stader i fylket endå manglar stabil internetttilgang.